



Møte i Studentparlamentet

nr 1/23-24

Torsdag 12. oktober 2023
Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 01 – 23/24:	Konstituering av Studentparlamentet 23-24 og godkjenning av valresultat	3
Sak 02 – 23/24:	2.1 Godkjenning av innkallinga.....	5
Sak 02 – 23/24:	2.2 Godkjenning av protokoll frå møte 26.04.23.	5
Sak 02 – 23/24:	2.3 Godkjenning av saksliste	6
Sak 03 – 23/24:	Orienteringar frå AU og andre studentpolitiske organ	7
Sak 04 – 23/24:	Møteplan for Studentparlamentet 23/24	8
Sak 05 – 23-24:	Val av fast ordstyrar for Studentparlamentet 22-23	9
Sak 06 – 23/24:	Val av ny fagansvarleg	10
Sak 07 – 23/24:	Suppleringsval, studentar til styret i SiVolda.....	12
Sak 08 – 23/24:	Val av studentar til utval og nemnder ved HVO	14
Sak 09 – 23-24:	SHoT-undersøkinga og første diskusjon av arbeidsprogram for Studentparlamentet 23-24	17
Sak 10 – 23-24:	Innspel til HVO sine investeringsmidlar.....	18
Sak 11 – 23-24:	Eventuelt.....	19

Sak 01 – 23/24: Konstituering av Studentparlamentet 23-24 og godkjenning av valresultat

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Nestleiar

Namneopprop

Godkjenning av valresultat og val av møteleing

Nestleiar Ronda-Kristine Bekkevoll orienterer om valprosessen og valdeltakinga gjennom ein eigen presentasjon.

AU legg fram valresultatet for godkjenning:

Valresultat for Studentparlamentet ved HVO 23-24:			
AHL – Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning			
Fast repr.	Elisabeth Myrås Olsen	1.vara	Severine Riise Eidem
Fast repr.	Tuva Bergersen	2.vara	
AKF – Avdeling for kulturfag			
Fast repr.	Vivian Mjelve	1.vara	
Fast repr.	Aleksander Husby	2.vara	
AMF – Avdeling for mediefag			
Fast repr.	Åshild Moger	1.vara	Steffen Savland
Fast repr.	Karsten Quix	2.vara	
ASH – Avdeling for samfunnsfag og historie			
Fast repr.	Amalie Benberg	1.vara	Jonas Mikal Tronsen
Fast repr.	Desmond Sharukai	2.vara	
Frie representantar (utjammingsmandat)			
Fast repr.	Sander Franck Allman (AMF)	1.vara	
Fast repr.	Daniel Svindseth Pettersen (AMF)	2.vara	
Fast repr.	Sander Fredrik Nesvik Jensen (ASH)	3.vara	

*Merk at alle varaer er valt inn som rekkjefølgjevara, ikkje personleg vara.

Merknad: I etterkant av valet har student Lovise Andrea Valderhaug, som går grunnskulelærer 5-10 4. året, meldt interesse for å vere med i Studentparlamentet. AU innstiller på at ho blir 1. vara for dei frie representantane.

Andre faste verv og roller på parlamentsmøta	
AU – arbeidsutvalet valt av parlamentet i april 2023 for perioden 22-23. AU har ikkje stemmerett i parlamentsmøta, men har ansvar for å leggje fram saker og følgje opp vedtaka til parlamentet	
Leiar	Ammy Bolme
Infoansvarleg og nestleiar	Ronda-Kristine Bekkevoll
Velferdsansvarleg	Veronica Bjørdal Sæternes
Internasjonalt ansvarleg	Maher Othman
Fagansvarleg	Ledig verv
Sekretariat fast tilsett med ei av sine oppgåver å vere referent på Studentparlamentsmøta	
Organisasjonskonsulent/ organisasjonsrådgjevar	Marit Aklestad / vikar Kardis Hasfjord
Ordstyrar på studentparlamentsmøta – Forslag til vedtak frå AU	
Fast ordstyrar 23-24	Andrine Kompen – vedtak blir gjort i eiga sak, 06/23-24
Teljekorps på studentparlamentsmøta	
Ved personval, eller andre situasjonar der vi gjennomfører hemmeleg val, vel Studentparlamentet eit teljekorps som tel opp stemmene. Desse bør helst ikkje ha stemmerett. AU innstiller på 2 personar til dette på kvart møte ut i frå dei som er til stades i møtet frå AU og sekretariat.	

AU sitt forslag til vedtak:

1. Studentparlamentet godkjenner valet slik det er lagt fram. Lovise Andrea Valderhaug går inn som 1. vara Fri.
2. Studentparlamentet vel Ammy Bolme til ordstyrar til dagens møte
3. Studentparlamentet vel Veronica Bjørdal Sæternes og Ronda Bekkevoll til teljekorps på dagens møte

Sak 02 – 23/24: 2.1 Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar

Møtetidspunktet skal i følge Studentparlamentet sine vedtekter kunngjerast 2 veker før møtet. Dette er vanskeleg å praktisere for det første møtet. Sakspapira skal sendast ut 1 veke før møtet. AU har kunngjort dato for møtet og lagt ut sakspapir på HVO sine nettsider 5. oktober.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 02 – 23/24: 2.2 Godkjenning av protokoll frå møte 26.04.23.

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggar: Ordstyrar
Vedlegg: Vedlegg 1. Protokoll frå møte 7/22-23, 26.04.23.

Studentparlamentet godkjenner formelt protokollen frå sist møte, 26.04.23.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner protokollen frå møte 26.04.23.

Sak 02 – 23/24: 2.3 Godkjenning av sakliste

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av saklista må meldast inn under dette punktet.

AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande dagsorden med sakliste for møtet:

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 12.10.23	*	Saksframlegg
16.00	00	Felles middag		
16.30	01	Konstituering av Studentparlamentet 23-24 med godkjenning av valresultat	V	Nestleiar
	02	Godkjenning av innkalling, protokoll og sakliste	V	Ordstyrar
	03	Orienteringar	V	Leiar
	04	Møteplan for Studentparlamentet 2023-2024	V	Velferdsansvarleg
17.00	05	Val av fast ordstyrar til parlamentsmøta 23-24	V	Internasjonalt ansv.
	06	Val av ny fagansvarleg	V	Nestleiar
	07	Val av medlemmar til styret i SiVolda	V	Leiar
17.20		Pause		
17.30	08	Val av Studentrepresentantar til råd og utval ved HVO	V	Leiar
18.20		Pause		
18.30	09	SHoT-undersøkinga og første diskusjon, arbeidsprogram	D	Org.kons.
19.00	10	Innspel til HVO sine investeringsmidlar	D	Velferdsansvarleg
		Eventuelt		
19.15		Møtekritikk, møteslutt		

*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

Tidspunkta i dagsorden er omtrentlege.

AU kjem med innstilling til vedtak (forslag til vedtak) på alle vedtakssaker.

Sak 03 – 23/24: Orienteringar frå AU og andre studentpolitiske organ

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggar: Leiar

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

-
-

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda – Studentsamskipnaden i Volda

Info frå Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

Sak 04 – 23/24: Møteplan for Studentparlamentet 23/24

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Nestleiar

Parlamentet vedtek møteplan for studieåret. Tradisjonen tru føreslår AU å halde på onsdag som fast møtedag. Vi har også tradisjon for matsservering kl 16, før sjølve møtet startar kl 16.30. Møta varer vanlegvis i 3, max 4 timar, altså blir max tidsramme 16-20 for kvart møte.

Møta vil finne stad på konferanserommet på Rokken.

AU sitt forslag til vedtak: Studentparlamentet sin møtekalender 2023-24

Møtestad: Rokken, konferanserommet

Oppstartsdag: Laurdag 07.10.23

Møte nr 1: torsdag 12.10.23

Møte nr 2: onsdag 01.11.23

Møte nr 3: onsdag 29.11.23

Juleavslutning fredag 08.12.23

Møte nr 4: onsdag 31.01.24

Møte nr 5: onsdag 28.02.24

Møte nr 6: onsdag 20.03.24

Møte nr 7: onsdag 24.04.24

Sommaravslutning: fredag 03.05.24

Overlappsseminar for av- og påtroppande AU: laurdag 04.05.24.

Bakgrunn

For at møteverksemda for Studentparlamentet skal vere føreseieleg for alle, fastset vi møtedagane for heile året på første møte. Vedtektene til Studentparlamentet seier at vi skal ha minimum 7 møte i året. Vedtektene opnar også for å kunne kalle inn til ekstraordinære møte dersom det skulle bli behov for det.

Studentparlamentet har tradisjon for å ha ei juleavslutning og ei sommaravslutning, så AU har også lagt inn tidspunkt for dette i forslag til vedtak.

Sak 05 – 23-24: Val av fast ordstyrar for Studentparlamentet 22-23

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Nestleiar

Studentparlamentet skal velje ein ny fast ordstyrar for møta i Studentparlamentet 23—24. Som ordstyrar er ein ikkje ein formell del av AU, men ein deltek på eit AU-møte i forkant av kvart parlamentsmøte, der ein går igjennom agenda og saksliste.

Rolla til ordstyrar er å vere ein nøytral og ryddig ordstyrar som sørgjer for at alle kjem til ordet og at møtet føregår på ein formelt rett måte i følge vedtekter og forretningsorden. Ordstyrar bidreg til ein god møtekultur, og slår ned på upassande, usaklege eller ufine innlegg eller personangrep.

Vervet som ordstyrar er honorert med 400 kr per møte i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel Andrine Kompen som fast ordstyrar for studieåret 23-24.

Bakgrunn

Ordstyrarfunksjonen blir omtala slik i Studentparlamentet sine stillingsomtalar:

Ordstyrar

Ordstyrar leiar møta til Studentparlamentet, og sørgjer for ryddig saksframlegging og ein god møtekultur. Ordstyrar er nøytral, og fremjar ikkje eigne synspunkt eller tek stilling i saker. Ordstyrar legg til rette for inkluderande og trygge møter der alle får kome til ordet.

Grunngjeving frå AU på innstillinga av Andrine Kompen som fast ordstyrar:

Andrine har vore fast representant i Studentparlamentet i 21-22, og var velferdsansvarleg i AU i 22-23. Ho har dermed lang erfaring i å gjennomføre møta i Studentparlamentet, og AU vil føreslå henne som fast ordstyrar for 23-24. Ho er ikkje lenger student ved HVO, men ferdig utdanna lærar, og vil dermed vere ein nøytral, men erfaren og stødig ordstyrar for Studentparlamentet 23-24.

Sak 06 – 23/24: Val av ny fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Leiar

Studentparlamentet valde i april 2023 Preben Rosenvinge til fagansvarleg for studieåret 23-24, men han trekte seg i august 2023. Studentparlamentet må difor velje ein ny fagansvarleg for 23- 24.

Kandidatar som vil stille til vervet, får høve til å presentere seg på møtet. Om ein vil stille til vervet, men ikkje kan møte fysisk, er det ope for å delta på videolink eller sende ein digital presentasjon av seg sjølv. Ein kan også melde interesse gjennom [dette skjemaet](#).

Valet blir gjennomført som urneval.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval ein ny fagansvarleg i AU for studieåret 23-24.

Bakgrunn

Stillingsomtale for fagansvarleg i arbeidsutvalet til Studentparlamentet i Volda

Sist revidert 29.10.20.

Studentparlamentet er av og for studentane ved Høgskulen i Volda. Arbeidsutvalet (AU) og representantane i Studentparlamentet jobbar saman for eit aktivt studentdemokrati.

Arbeidsutvalet (AU) fylgjer Studentparlamentet sine styringsdokument, og arbeider for å oppfylle Studentparlamentet sitt mandat. AU førebur saker og utfører vedtak gjort av Studentparlamentet. AU sørgjer for at studentdemokratiet ved Høgskulen i Volda jobbar langsiktig for å ivareta studentane sine interesser.

AU har faste møter ein gong i veka. Medlemene i AU kan tildelast arbeidsoppgåver utover det som står i stillingsomtalen, og avlastar kvarande ved behov. Medlemmane i AU prioriterer dette vervet framfor andre frivillige verv. AU sikrar god kontinuitet i studentdemokratiet og sørgjer for at eit nytt studentparlament vert oppretta kvart studieår. Avtroppande AU-medlemmar utvekslar erfaringar med påtroppande AU-medlemmar, og er tilgjengelege i ein overlappsperiode på ein månad etter endt verv.

AU er også ansvarlege for styret i Fadderveka, og legg til rette for at fadderstyret har gode arbeidsforhold i førebuing og gjennomføring av Fadderveka. AU bidreg til ei god evaluering av Fadderveka kvart år.

Verva i AU er honorerte etter fastsette satsar 11 mnd i året (unnateke juli). Per d.d. er honoraret for fagansvarleg på 3 000 kr/mnd.

Verv i AU i Studentparlamentet:

- Leiar
- Fagansvarleg
- Informasjonsansvarleg
- Velferdsansvarleg
- Internasjonalt ansvarleg
- *Nestleiar – vald av Studentparlamentet blant medlemne i AU*
- *Ordstyrar til møta i Studentparlamentet – er ikkje ein del av AU, men er eit honorert verv.*

Fagansvarleg

- Fylgjer opp studierelaterte saker for Studentparlamentet.
- Er kontaktperson for dei tillitsvalde, og har ansvar for opplæring og oppfølging av dei.
- Arrangerer allmøte for dei tillitsvalde minst ein gong i semesteret
- Sikrar god informasjon ut til studentmassen om tillitsvaldordninga, gjennom bl.a. oppdatering av tillitsvaldhandboka, i samarbeid med informasjonsansvarleg.
- Samarbeider med Velferdsgruppa og andre relevante aktørar for å tilby fagrelaterte kurs og opplæring.
- Er fast studentrepresentant i Utdanningsutvalet ved HVO.

Sak 07 – 23/24: Suppleringsval, studentar til styret i SiVolda

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Leiar

Studentparlamentet valde nye studentar til styret i SiVolda – Studentsamskipnaden i Volda – på møte 26.04.23. Men berre 2 kandidatar stilte til dei tre faste plassane i styret. Studentparlamentet må difor gjennomføre eit suppleringsval. Alle registrerte studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val. Her er vedtaket frå april-møtet:

Vedtak, sak 77/22-23, parlamentsmøte 26.04.23:

Nye styremedlemmar i SiVolda for studieåret 24-25, med verkeperiode 1 år frå 01.07.23:

Fast medlem 1: Joachim Selsbakk Hansen

Fast medlem 2: Preben Rosenvinge

Fast medlem 3: ledig verv. Studentparlamentet gjennomfører suppleringsval på første møte i studieåret 23/24

Varamedlem 1: Sindre Rabben Tronstad

Varamedlem 2: Maher Othman

Varamedlem 3: Jenny Nystad

Sindre Rabben Tronstad har møtt som vara i perioden frå april-oktober, og ynskjer å gå inn som fast medlem i styret. AU støttar dette, og føreslår at Studentparlamentet også vel han som styreleiar for perioden 23-24.

Grunngjeving frå AU på innstillinga av Sindre Rabben Tronstad som styreleiar: Sindre har lang erfaring som student, studenttillitsvald og aktiv i både Studentparlamentet, Studentidrettslaget m.m. Han er ein engasjert og påliteleg student som AU meiner kan gjere ein god jobb på studentane sine vegner i SiVolda.

Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel Sindre Rabben Tronstad til styreleiar og fast medlem i Studentsamskipnaden i Volda. Studentparlamentet vel ved urneval ny 1. vara til styret i Studentparlamentet.

Bakgrunn

Om studentsamskipnadane i Noreg

Studentsamskipnadane er ideelt drivne institusjonar som ivaretek studentane si velferd ved studiestadane. Dei organiserer velferdstilbod som studentbustader, kantine, kafear, studenthus, studentidrett og treningstilbod, studentbarnehagar, studenthelseteneste, rådgjevings- og psykologteneste med meir.

Studentsamskipnadane er ideelle, private aktørar. Dei er finansiert av semesteravgifta, samt statleg støtte, i tillegg til inntektene frå drifta av tenestene, som kantine, bustader m.m. Alt av overskot i tenestetilbodet går tilbake til drifta, og skal kome studentane til gode i form av å subsidiere eller vidareutvikle velferdstilbodet.

Val av styremedlemmar

Representantane som blir valde har ei funksjonstid på eitt år, og vil tre inn i verva frå 1. august 2022 – 31. juli 2023. Verva i styret er honorerte etter faste satsar.

Som styremedlem i SiVolda deltek du på eit todagars styreseminar i starten av perioden, og deltek på styremøta etter oppsett møteplan. Det er omtrentleg to styremøter ila haustsemesteret og 3-4 møter ila vårsemesteret. Møta finn stad i lokala til SiVolda, og varer vanlegvis i om lag to timar. Dagleg leiar for SiVolda er møtesekretær, og har ansvar for å førebu sakene som skal opp for styret.

Studentane har fleirtal i styret (så fremt studentdemokratia krev det, noko som er tilfelle i Volda), og ofte har studentane også styreleiar. Studentdemokratia kan sjølv avgjere om dei vil velje styreleiar direkte, eller om det blir valt internt. I Volda har styret dei seinare åra valt styreleiar internt. Studentparlamentet har også nyleg vedatt at vi stiller som forutsetning for å stille til val og inneha styreverv i SiVolda, at vedkomande må vere registrert student ved Høgskulen i Volda. Vi gjennomfører suppleringsval dersom ein innvald kandidat skulle slutte som student i Volda.

Prosedyrer rundt val av styret for SiVolda blir elles regulert av lov og forskrift om Studentsamskipnader i Noreg:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-12-14-116>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-07-22-828>

Sak 08 – 23/24: Val av studentar til utval og nemnder ved HVO

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Leiar
Vedlegg:	Vedlegg 2 – Presentasjon av råd og utval frå oppstartssamlinga 07.10.23 Vedlegg 3 – oversiktstabell over råd og utval ved HVO (blir ettersendt)

Vi skal velje studentrepresentantar til ei rekkje utval og nemnder ved Høgskulen i Volda. Studentane i Volda har krav på 20 % studentrepresentasjon i sentrale råd og utval med beslutningsmynde ved Høgskulen.

Alle studentar ved HVO kan stille til val, både studentar som sit i Studentparlamentet og studentar utan andre studentpolitiske verv. Ein student kan stille til fleire verv. Studentparlamentet er valkrins. Vala vert gjort ved urneval, altså hemmeleg val.

Vi vel i denne saka studentar til følgjande posisjonar:

Utval: Utdanningsutvalet, Internasjonalt utval, Læringsmiljøutvalet (LMU), Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingsstillingar (TUFO), Forskingsutvalet og valstyret.

Nemnder: Nemnd for studentsaker (tidl. Klagenemnda) og Skikkanemnda.

Arbeidsgrupper: Miljøfyrtårn

Bakgrunn

Ei av oppgåvene til Studentparlamentet er å sørge for at det vert vald inn studentrepresentantar i utval, styrer, råd og nemnder der studentar skal vere representerte. Å ta på seg verv som studentrepresentant i eit utval, gir studentane store moglegheiter til å påverke viktige beslutningsorgan ved Høgskulen. Alle registrerte studentar ved høgskulen kan stille til val, og Studentparlamentet er valkrins.

Vervet som studentrepresentant i Høgskulen sine utval og nemnder er honorert etter satsane som er fastsett i Statens Personalhandbok. For 2023 er det kr 518 kr per time.

Enkelte av verva er kopla til verva i AU gjennom Studentparlamentet sitt valreglement og arbeidsbeskrivelsar. Det betyr at dei fem studentane i AU har kvar sin faste utvalsplass i kraft av vervet i AU. Leiar sit i TUFO, fagansvarleg sit i Utdanningsutvalet, Internasjonalt ansvarleg sit i Internasjonalt utval, velferdsansvarleg sit i LMU og informasjonsansvarleg sit i valstyret.

Gjennomføring av val:

Vi gjennomfører vala i form av urneval i same rekkjefølgje som i skjemaet under. Etter at det er gitt informasjon om posisjonane frå AU, opnar vi for at dei som ønskjer å stille, melder seg. Dei som stiller til val får høve til seie litt om kvifor dei vil stille (såkalla valtale), og Studentparlamentet kan stille oppfølgingsspørsmål til kandidatane.

Dersom ikkje alle plassane blir fylt opp, føreslår AU at Studentparlamentet gir AU fullmakt til å gjennomføre suppleringsval fortløpande.

Forslag til vedtak

Studentparlamentet vel ved urneval studentar til verva som følgjer:

Oversiktstabell over utval og nemnder

Utval	Studentrepresentasjon	Desse vert valde
Utdanningsutvalet	2 faste og 2 vara Fagansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Fagansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Internasjonalt utval	2 faste og 2 vara. Internasjonal ansvarleg er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Internasjonal ansvarleg i AU 2. Vara: 1. 2.
Læringsmiljø-utvalet (LMU)	4 faste og 4 vara. Velferdsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 3 faste representantar og 4 vara	1. Velferdsansvarleg i AU 2. 3. 4. Vara: 1. 2. 3. 4.
Tilsetjingsutvalet for undervisnings- og forskingstillingar (TUFO)	2 faste og 2 vara Leiar for AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	1. Leiar i AU 2. Vara: 1. 2.
Forskningsutvalet	2 faste og 2 vara. SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Valstyret	2 faste og 2 vara	1. Informasjonsansvarleg i AU

	Informasjonsansvarleg i AU er fast representant. SP vel 1 fast representant og 2 vara	2. Vara: 1. 2.
Nemnd for studentsaker (tidl. klagenemnda) (Første møte 17.10.)	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Sikkanemnda	2 faste og 2 vara SP vel 2 faste representantar og 2 vara	1. 2. Vara: 1. 2.
Miljøfyrtårn, arbeidsgruppe (første møte 24.10.)	2 studentar	1. 2.

Sak 09 – 23-24: SHoT-undersøkinga og første diskusjon av arbeidsprogram for Studentparlamentet 23-24

Type sak:	Diskusjonssak
Saksframlegg:	Organisasjonsrådgjevar
Vedlegg:	Vedlegg 4: Årleg arbeidsprogram for Studentparlamentet 22-23 Vedlegg 5: Prinsippprogram for Studentparlamentet 22-26

Kvart år vedtek Studentparlamentet eit arbeidsprogram som definerer nokre hovudområde som Studentparlamentet vil prioritere. Dokumentet blir styrande for korleis AU legg opp arbeidet og kva som vert prioritert gjennom året.

På dette møtet legg vi opp til ein diskusjon av kva som bør vektleggjast i arbeidsprogrammet for Studentparlamentet 23-24. Endeleg vedtak blir på neste møte.

Som ein introduksjon til debatten om arbeidsprogrammet, vil organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad presentere rapporten frå SHoT – Studentenes helse- og trivselsundersøkelse – sin tilleggsundersøkelse 2023 på studentars psykiske helse.

Bakgrunnsinformasjon

Sjå vedlegg med gjeldande Prinsippprogram og Arbeidsprogram.

Lenke til SHoT tilleggsundersøkelse 2023 om studentars psykiske helse:

<https://cdn.sanity.io/files/jj7842q3/production/3849a076e48c8a0850b9a811b7efbc41d031874f.pdf?dl=CIDI%20tilleggsunders%C3%B8kelse%202023%20-%20Digital%20Rapport.pdf>

Sak 10 – 23-24: Innspel til HVO sine investeringsmidlar

Type sak:	Diskusjonssak
Sakshandsamar:	Velferdsansvarleg
Vedlegg:	Vedlegg 6: fjorårets vedtak frå Studentparlamentet om investeringsmidlar

Kvart år set høgskulen av midlar til nyinvesteringar på høgskuleområdet. Både avdelingane og Studentparlamentet har høve til å spele inn behov og ønske for kva som trengst av oppgraderingar på campus.

Vi har fått frist 2. november til å sende inn våre innspel. AU legg det difor opp slik at vi tek ein første diskusjon i dag, og gjer endeleg vedtak i saka på parlamentsmøte nr. 2 den 1. november 23.

Sjå vedlegg med fjorårets vedtak frå Studentparlamentet til inspirasjon.

Merk: Studentparlamentet gjer ikkje vedtak i diskusjonssaker, men sekretariat vil notere hovudmoment frå debatten, og AU vil bearbeide innspela frå parlamentet fram til neste møte.

Bakgrunn: invitasjon frå HVO

Investeringsmidlar 2024

I samsvar med den vedtekne interne budsjettmodellen vår, vil delar av løyvinga verte sett av til investeringsmidlar for 2024. Endeleg sum til fordeling vil først vere klar etter styremøtet i desember.

Alle avdelingane, funksjonsansvarlege på fellesnivået og Læringsmiljøutvalet vert bedne om å kome med framlegg i tillegg til Studentsamskipnaden i Volda (kantine) og Studentparlamentet når det gjeld nødvendige investeringar.

Infrastrukturkostnader HVO skal gå gjennom IT og drift, og behov må meldast til desse kontora.

- utstyr standard undervisningsrom og felles møterom (møblar, AV-utstyr, datautstyr)
- standard PC-ar og standard kontorinnredning
- møblar til fellesareal elles
- bygningsmessige ombyggingar og investeringar utanom spesialrom
- infrastruktur nettverk inklusive risikoforebygging m.m.
- tilgangskontroll / tryggleikstiltak / universell utforming

Investeringsmidlane skal gå til investeringar etter rekneskapslova. Det betyr at anleggsmiddelet skal ha ein innkjøpskostnad på minimum kr 50 000 kvar og ei levetid på minimum 3 år. Kjøp av anleggsmidlar med lågare pris eller kortare levetid er ikkje definerte som investeringar og skal kostnadsførast. Unntaket er PC'ar som vert poolregistrerte. Sjå elles informasjon i Økonomihandboka.

Søknad om investeringsmidlar for 2024 skal sendast med referanse: **sak 23/01531** innan 27. oktober 2023. (Studentparlamentet: frist 02. november 23)

Sak 11 – 23-24: Eventuelt

Type sak:

Saksframlegg:

Møtekritikk etter formell møteslutt.